

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.09.2021

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Menneske med nedsett funksjonsevne må få betre mogelegheiter og forpliktande rettar til å delta i arbeidslivet. Vestland vil difor være eit føregangsfylke med å gradvis byggje inn mekanismar basert på dei internasjonale CRPD -måla i seriositetskrava.»

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, MDG, SP, V, KRF fram slikt forslag til utsetjing:

«Til utsetjing

Fylkesutvalet ynskjer å innføre følgjande seriositetsbestemmelsar for innkjøp og kontraktar i Vestland Fylkeskommune, og ber administrasjonen utgreie kva konsekvensar følgjande kan gje, men også på kva måte ein kan imøtekomme desse krava, spesielt gjeld dette punkt 5 om tal ledd underleverandørar.

1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.

2. Under punktet «Krav om tarifflønn mellom oppdrag» Krav om tarifflønn bør innførast, slik det er gjort i Oslomodellen. Kravet kan operasjonaliserast gjennom at innleigde frå bemanningsbyrå skal vere fast tilsett. Dette skal dokumenterast overfor byggherre med den einskilde innleigde sin tilsettingskontrakt.

3. Under punktet «Krav om faglærte håndverkere» Krav om minimum 50% faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Ein bør innan utvalde fagområde auke kravet til faglærde til 80%, gjennom at andel faglærde ut over 50% vektast i tildelinga. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan ein på driftskontraktar på fylkesveg avvike frå kravet i spesielle tilfelle. Ein oversikt over desse avvika vert lagt fram for SAMO hausten 2022.

4. I tråd med oslomodellen og saksframlegget punkt 4: «lærlinger» , vil Vestland ein krevje minimum 10% lærlingar på kontraktane i områder med behov for lærlingar. Innslagspunktet for lærlingekravet vil vere på 1,1 mill, dvs. statleg terskelverdi (for kommunar er innslagspunktet 1,75 mill) og 3 mnd kontraktsvarigheit.

5. Under punkt 5 «Begrensning i tal ledd underleverandører Som hovudregel vert det tillatt inntil eitt ledd under hovedleverandør i kvart fag. Det kan gis dispensasjon for ytterligare eitt ledd når det er spesielle årsaker, og dette er tatt opp med oppdragsgiver og skriftleg godkjent på førehand. Det skal stillast samme formalkrav i alle ledd av kjeden.

6. Vestland fylkesting går inn for at hovudregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkande norsk tariffavtale. (Ordlyd i tråd med vedtak i Hordaland fylkesting)».

Terje Søviknes (FRP) sette på vegner av FRP, H fram slikt forslag til utsetjing:

«Til utsetjing

Saka vert utsett, ref. notat av 14.09.21 frå fylkeskommunedirektøren vedr. forsvarleg utgreiing etter Kommunelova §13-1 4.ledd.»

Avrøysting til utsetjing av saka

Søviknes sitt forslag fekk 6 røyster (FRP, H, FNB) og fall.
Hammer sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Vedtak

Saka vert utsett.

Fylkesutvalet ynskjer å innføre følgjande seriøsitetsbestemmelsar for innkjøp og kontraktar i Vestland Fylkeskommune, og ber administrasjonen utgreie kva konsekvensar følgjande kan gje, men også på kva måte ein kan imøtekomme desse krava, spesielt gjeld dette punkt 5 om tal ledd underleverandørar.

1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.

2. Under punktet «Krav om tariffønn mellom oppdrag» Krav om tariffønn bør innførast, slik det er gjort i Oslomodellen. Kravet kan operasjonaliserast gjennom at innleigde frå bemanningsbyrå skal vere fast tilsett. Dette skal dokumenterast overfor byggherre med den einskilde innleigde sin tilsettingskontrakt.

3. Under punktet «Krav om faglærte håndverkere» Krav om minimum 50% faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Ein bør innan utvalde fagområde auke kravet til faglærde til 80%, gjennom at andel faglærde ut over 50% vektast i tildelinga. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan ein på driftskontraktar på fylkesveg avvike frå kravet i spesielle tilfelle. Ein oversikt over desse avvika vert lagt fram for SAMO hausten 2022.

4. I tråd med oslomodellen og saksframlegget punkt 4: «lærlinger» , vil Vestland ein krevje minimum 10% lærlingar på kontraktane i områder med behov for lærlingar. Innslagspunktet for lærlingekravet vil vere på 1,1 mill, dvs. statleg terskelverdi (for kommunar er innslagspunktet 1,75 mill) og 3 mnd kontraktsvarigheit.

5. Under punkt 5 «Begrensning i tal ledd underleverandørar Som hovudregel vert det tillatt inntil eitt ledd under hovedleverandør i kvart fag. Det kan gis dispensasjon for ytterligare eitt ledd når det er spesielle årsaker, og dette er tatt opp med oppdragsgiver og skriftleg godkjent på førehand. Det skal stillast samme formalkrav i alle ledd av kjeden.

6. Vestland fylkesting går inn for at hovudregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkande norsk tariffavtale. (Ordlyd i tråd med vedtak i Hordaland fylkesting).